- Prosjekt for rekruttering og behalde - helse og omsorg

### Økonomi

Årsrekneskapen viser eit resultat som er vesentleg betre enn det som vart rapportert i 2. kvartal. Dette skuldast særleg inntekt frå sal av konsesjonskraft som gitt har stor gevinst . Auken kan relaterast til ekstraordinære høge straumprisar. Kombinert med at organisasjonen har handtert Covid-pandemien på ein svært god måte, god budsjett disiplin og gunstig pensjonsoppgjer har dette ført til at det samla driftsresultatet blei svært godt i 2021. Kjente utfordringar innan drifta i helsetenestene gjer at den eininga har relativt stort meirforbruk . Sentraladministrasjonen har i utgangspunktet eit mindreforbruk på 0,3 mill. kroner, men rapporterer på om lag 13% meirforbruk. Dette skuldast at sentraladministrasjonen skulle ha vore tilført 3,3 mill. frå fond. Det skulle vore ført bruk av disposisjonsfond. Kommunestyret har vedteke å styrke konsesjonsavgiftsfondet.

## Handlingsregelen

<b>Måltal rekneskap 2021</b>	
<b>Gjeldsgrad</b>	
Aurland kommune sin gjeldsgrad skal ikkje overstige 75 %.	
Definisjon av gjeldsgrad: Lånegjeld til eigne investeringar i prosent av brutto driftsinntekter	
<b>Måltal lånegjeld 2020:</b>	
Lånegjeld eigne investeringar	238 816 398
Brutto driftsinntekter	319 552 272
<b>Gjeldsgrad</b>	<b>75 %</b>
<b>Disposisjonsfond</b>	
Kommunen sitt disposisjonsfond skal ikkje vere mindre enn 10 % av dei totale inntektene	
<b>Dette skal nåast i løpet av planperioden 2021 - 2024</b>	
<b>Måltal disposisjonsfond</b>	
Disposisjonsfond 31.12.2020	38 732 807
Brutto driftsinntekter	319 552 272
<b>Måltal</b>	<b>12 %</b>
<b>Måltal konsesjonsavgiftsfond</b>	
Kommunen skal styrke konsesjonsavgiftsfondet og det skal ha ein storleik på minimum 20 millionar pr 31.12.24	
<b>Konsesjonsavgiftsfondet 31.12.2020</b>	<b>9 602 602</b>

For 2021 oppnår kommunen handlingsregel for gjeldsgrad og for disposisjonsfondet. Dette er svært gledeleg, og er med på å auke handlingsrommet.

Netto driftsresultat er på heile 37 mill. kroner, og utgjer om lag 11,5% av brutto driftsinntekter. Måltalet for kommunen 1,75%.

## Investeringar

Aurland kommune investerte for om lag 85 mill. kroner i 2021. Revidert budsjett var på 90,4 mill. kroner. Investeringsvolumet må framover takast ned for å få kontroll på gjeldsutviklinga, og for å oppnå betre balanse mellom tilgjengeleg menneskelege ressursar og forventna aktivitet. 2021 har vore eit svært krevjande år med eit høgt investeringsvolum.

## Utfordringar

Aurland kommune har nokre klare utfordringar framover som med eit godt samarbeid mellom administrasjon og folkevalde, mellom kommunen sine einingar og fokusert innsats skal løysa på best mogeleg måte.

I 2021 starta planlegginga av omstillingsprosjektet som skal omfatte heile kommunen. Omstillingsprosjektet skal bidra til å skape eit økonomisk handlingsrom for framtida, i tillegg til å organisere drifta og oppgåvene slik at me kan nytte ressursane våre best og mest effektivt mogleg.

Det vart sett i gang eit førebuingssopplegg hausten 2021 der særskilt strategisk leiargruppe og hovudtillitsvalde samhandla for å lage ei omstillingshandbok, nytt mandat og framdriftsplan for prosjektet. I møta var det fokus på kompetanseheving og perspektivforståing.

I omstillinga er det blant anna satsa på involvering og informasjon. Rådmann og HR/personalrådgjevar har invitert seg til ut til alle einingar, i tillegg til at det er oppretta ein digital samhandlingskanal i Teams som alle tilsette har tilgang til. I denne kanalen blir det lagt ut informasjon og det er høve til å kommunisere. Utfordringane er komplekse og mange, og difor skal kommunen få bistand frå ekstern konsulent/prosjektleiari. Kommunen har lagt vekt på å få ein prosjektleiar som er god på formidling, involvering, samhandling og kommuneøkonomi. Me går inn i ein periode som vil krevje tid, ressursar, kunnskapsdeling, vurderingar og mot.

Nærare omtale av drifta i 2021 er omtala av dei ulike tenestemråda.

## Organisasjon


Aurland kommune er ein kompleks organisasjon med mange ulike tenester, kompetansekrav og brukarbehov/brukarmasse. I dette kapittelet vert det gjort reie for personalstatus i Aurland kommune, kompetanseheving og behovet for omstilling.

### Stillingar

I 2021 var det totalt 259 tilsette i Aurland kommune. Tal på årsverk var 207,53. Det var 199 kvinnelege tilsette og 60 mannlege tilsette i kommunen.

Gjennomsnittleg alder for kvinner var 46,4 år og gjennomsnittleg alder for menn var 43,7 år i Aurland kommune. Totalt er gjennomsnittsalder i kommunen 45,8 år.

### Heiltid og deltid fordelt på kjønn



### Sjukefråvær

Gjennomsnittleg sjukefråvær inkludert eigenmeldingar var 4,32 % i 2021. I offentlig sektor er dette rekna som lågt sjukefråvær, særskild når det i tillegg har vore ein pågåande pandemi.

Sjukefråvær	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Kvinner	6,86%	6,69%	5,95%	5,93%	4,24%	3,13%	3,17%	4,55%	4,92%	4,96%	6,13%	5,10%
Menn	7,03%	3,40%	4,98%	2,82%	2,67%	0,93%	0,95%	0,08%	2,65%	5,60%	5,23%	5,83%
Totalt	6,95%	5,01%	5,46%	4,38%	3,45%	2,03%	2,07%	2,32%	3,78%	5,26%	5,68%	5,47%

### Kjønnsdeling

Rapportering om	% menn	% kvinner	Kommentar
Kjønnsdelt oversikt over alle tilsette (ikkje oppdragstakarar)	23%	77%	
Kjønnsdelt oversikt over leiarar i HTA kap. 3	15%	85%	Inkl. rådmann og avd.leiar stødig/forut
Kjønnsdelt oversikt over akademikarar i kap. 5	43%	57%	Krav til master eller tittel ingeniør
Kjønnsdelt oversikt over tilsette i kap. 4	24%	76%	
Kjønnsdelt uttak av foreldrepermisjon	1,2%	0%	
Seniortiltak			Kun undervisningspersonell, regulert i HTA.
Deltidsarbeid friviljug	0%		
Deltidsarbeid ufriviljug	0%	1,47%	
Midlertidig tilsette	24%	76%	

## Lønnsforskjellar kvinner og menn

Omfatta av kapittel i hovud-tariff-avtalen	Gjennomsnittleg lønn kvinner	Gjennomsnittleg lønn menn	Gjennom-snittleg skattepliktige naturalytingar, kvinner	Gjennom-snittleg skattepliktige naturalytingar, menn	Gjennom-snittleg overtidsbet. kvinner	Gjennom-snittleg overtidsbet. menn
Leiarar kap 3.	741.309	899.986 (inkl.rådmann)	4.392 (fri mobil)	4.392 (fri mobil)	Komp.dagar	Komp.dagar
Akademik-arar kap. 5	693.576	760.199	549 (fri mobil)	2.196 (fri mobil)	7.105	14.416
Fagarbeid-arar kap. 4	447.917 (inkl.konsulent/ sekretær)	447.612(inkl.konsulent/ sekretær)	62 (fri mobil)	1155 (fri mobil)	Kr. 8.227	11.973
Leiarar kap. 4	553.313	524.356		549 (fri mobil)	6.783	16.683
Andre kap. 4	450.209	411.934	82 (fri mobil)	186 (fri mobil)	7.708	4.836

\*Aurland kommune har ikkje bonusar  
Alle tal i kroner

## Lokale lønsforhandlingar i 2021

Ein av prioriteringsområda for arbeidsgjevar i lokale forhandlingar 2021 var å utjevne lønsforskjellar mellom kvinner og menn i fagarbeidargruppa.

## Kompetanseutvikling 2021

DATO:	Kompetansehevingstiltak:	Målgruppe:
1. mars 2021	Kurs i lover og regler knytt til oppseiing i offentleg sektor.	Leiarar med personalansvar, HR
9. juni 2021	Den viktige samtalen i sjukefråværsarbeidet m/ KS	Leiarar med personalansvar, HR
24. sep 2021	Økonomiplanseminar	Tenesteleiarar, rådmann, kommuneplanleggar, økonomi/HR, kommunestyret
29. okt 2021	Kurs om sakshandsaming i helse og omsorgssektoren	Sakshandsamarar og leiarar innan helse, miljø og omsorg
2. nov 2021	Teamsopplæring med Telemark kompetanse	Leiarar, sakshandsamarar, konsulentar ++ (OU-midlar)
3. nov 2021	Digitalt kurs i pensjonsøkonomi	Sentraladministrasjonen (økonomiavd, rådmann, stabsleiar, HR)
11. nov 2021	Felles fagdag helse, oppvekst, barnevern – Konferanse Fretheim hotell	Alle tilsette i oppvekstsektoren, barnevernsteneste og tilsette som jobbar helse ift barn/ungd.
15.-17. nov 2021	Sakshandsamarskurs om offentleg parkerings- verksemd i regi av Norpark	Teknisk
16. nov 2021	Økonomisamling på Voss	Økonomiavdelinga, rådmann, stabsleiar
19. nov 2021	Digitalt kurs i Offentlegheitslova	Leiarar, sakshandsamarar, konsulentar
1. des 2021	Felles kompetanseheving i ny versjon ACOS Websak+	Brukarar av ACOS

8. des 2021	IA-dagen med NAV Arbeidslivssenter	Leiarar, tillitsvalde, verneombod, arbeidsgjevarrepresentantar
-------------	------------------------------------	--

I tillegg er det satsa regionalt på desentralisert sjukepleiarutdanning.

### AMU, IA-dag og HMT-planar

Det var 3 møter i AMU i 2021. Målet var 4 møter, men det eine vart avlyst på bakgrunn av at det ikkje var saker. Alle einingar skal ha utarbeidd einingsvise HMS-handlingsplanar i 2021 saman med bedriftshelsetenesta i 2021. Det var gjennomført IA-dag 8. desember 2021 som i tillegg var ein del av involveringsarbeidet til ny overordna HMT systemhandbok. Verneombod, hovudtillitsvalde og leiarar med personalansvar var inviterte til IA-dagen.

### Avvik i Aurland kommune

Tal avvik 2021	Tal opne avvik	Tal lukka avvik
29	0	29

Aurland kommune har frå 2022 fått nytt digitalt avvikssystem i Netpower: [Avvik | Hjem](#) ([aurland.kommune.no](http://aurland.kommune.no))

### Internkontroll – kommunelova §25

Tilsyn og kontroll	Resultat	Tiltak
Årleg vernerunde med BHT, juni 2021	Ok, vart samde om tiltak	Måling av akustikk på møterom og luftkvalitetsmåling i alle klasserom og enkelte andre rom skal gjennomførast mars 2022
Synfaring med teknisk eining i høve vedlikehaldsbehov våren 2021	Ei lang liste over naudsynt vedlikehaldsbehov	Gjennomføre så mykje vedlikehald som mogeleg i prioritert rekkefølge.
Mattilsynet To tilsyn – VA Aurland og Flåm, samt høgdebasseng Aurland og Flåm.	Mindre avvik.	Avvik lukka.
Miljøretta helsevern Tilsyn barnehagar	Avvik på støy	Avvik lukka.
Statsforvaltaren i Vestland Beredskap – covid-19	Ingen lovbrøt eller avvik	
Heimebaserte tenester hadde tilsyn frå Arbeidstilsynet 22.09.2021	Det vart gitt pålegg: <ul style="list-style-type: none"> <li>Dokumentere innhald på opplæring som verneombod har fått</li> <li>Kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan vold, truslar om vold og uheldige belastningar</li> <li>Informasjon og opplæring om vold og truslar om vold</li> <li>Psykisk helse: kartlegging og risikovurdering</li> <li>psykisk helse: handlingsplan og tiltak</li> </ul>	Alle punkt bortsett frå vold og truslar er godkjent/lukka. Arbeidstilsynet har vedtatt nytt pålegg om vold, truslar, og uheldige belastningar, kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan med frist 24.04.2022. Pålegg inneheld at bedriftshelseteneste må bistå pleie og omsorg i dette arbeidet.

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• manuelt arbeid: kartlegging, risikovurdering og handlingsplan, samt tiltak</li> <li>• biologiske faktorar kartlegging og risikovurdering</li> </ul>	
Anticimex internrevisjon kjøkken Aurland helsetun 09.11.2021	Bra hovudinstrykk, gode rutinar for orden, reinhald og IK-mat dokumentasjon, men det er gjentakande avvik: inventar og utstyr er ikkje i god stand, det er ikkje glatt og lett vaskbar flate, skitten/reinsone (dette gjeld postkjøken på sjukeheim og demensavdeling.	Det er sett i verk utbetringstiltak, men manglar utbetringstiltak på postkjøkken, dette krev oppussing.
Vernerunde	Laga plan for utbetring og feilretting	Delvis og stykkevis utført. Generelt lite vedlikehald.
Leikeplasskontroll	Rapport med feil/manglar	Ikkje utført
Støymåling, Heradshuset	Litt for høge verdjar	Støydempande plater Heradshuset, møterom og kontor
Støymåling, Musikk- og kulturskulen	Enkelte høge verdjar	Opphenging av gardiner, Evt. støydempande plater seinare

## Omstillingsprosess

I 2021 starta planleggingsarbeidet til omstillingsprosjektet med oppstart i 2022. Samfunnsmessige og demografiske endringar no og framover fører til at Aurland kommune har behov for å analysere organisasjonen og finne smartare måtar å drifte kommunen på. Aurland kommune må drifte organisasjonen for framtida. Både rekrutteringsutfordringar, endringar av brukarbehova, endringar i tilsette sine behov og ny teknologi krev at me omstiller oss slik at kommunen har forsvarleg drift i mange år framover. For å møte utfordringane er anbefalingane frå KS å tenkje generasjonsperspektiv og ikkje økonomiplanperspektiv på 4 år. Det vil seie at administrasjonen og folkevalde skal inn i eit prosjekt der me skal ta stilling til tiltak som kan vere avgjerande for moglegheita til å skape eit handlingsrom for framtida.

## Covid-19

### Organisering

Staben består av beredskapsansvarleg dvs leiar og nestleiar teknisk, leiar støtte og digitalisering, leiar forut, rådmann, ordførar, kommunelege og tenesteleiar Helse og Førebygging.

Koronastaben har hatt 20 møter i 2021.

Kommunen har kvar veke delteke på beredskapsmøte i regi av fylkesmannen. Totalt 38 møter.

### Rapportering

Kommunen har rapportert kvar veke på status på ulike parameter. Mellom anna framdrift i vaksinasjonsprogrammet, tal smitta, smitte på institusjon, osb. I tillegg kjem ulike einingsspesifikke rapporteringar, samt ulike spørjeundersøkingar.

### Isolatavdeling / kohort.

Grunna riving av bygget for klargjering til å bygge nytt bygg til sjukeheimplassar og omsorgsbustadar, vart isolatavdelinga i eigen regi avvikla sommaren 2021.

Kommunen har hatt felles beredskapsavtale med dei andre kommunane i gamle Sogn og Fjordane i tilknytning til Helse Førde.

#### Smittevernustyr

Grunna lite smitte i kommunen, har det vore mindre forbruk av smittevernustyr enn forventa.

#### Vaksinering

Vaksinering starta i veke 1. Det starta med ein planlagd vaksinering med 2 dosar, som i november vart auka til tilbod om 3 vaksinedosar til alle over 18 år.

I 2021 er det sett 1331 første dosar, 1296 andre dosar og 590 tredje dosar på personar over 18 år. I tillegg kjem vaksinar som er sett på arbeidsinnvandrarar og andre som ikkje er folkeregistrerte i kommunen.

Personell til vaksinering har i hovudsak vert omdisponert frå helse og førebygging samt pleie og omsorg. Det har vore i storleik 20-50% av stillingane.

#### Administrativt arbeid

Det administrative arbeidet med vaksineringa har vore omfattande. Organisering av timer til vaksinering og etterarbeid med registrering i journal og nasjonalt vaksinasjonsregister.

Det har vore fleire endringar på intervall mellom dosane.

Endringane i vaksinasjonsprogrammet vart etterkvart formidla via vaksinasjonsbrev til kommunane. Det kom 40 slike vaksinasjonsbrev med avklaringar og endringar i 2021.

Midt i fellesferien fekk kommunen melding om at det ville komme vaksinar tilsvarande 20% av innbyggjartalet. Tilsette måtta hentast inn frå ferie for å komme i mål med vaksineringa.

#### Informasjon til innbyggjarar

Kommunal informasjon frå Aurland kommune vert først lagt ut på heimesida, og så fortløpande på kommunen sin Facebook-side.

Det har vore nytta SMS varsling i samband med vaksinering.

#### Tilsyn med kommunal beredskap 9. desember 2020.

Førebels rapport vart motteken 18. desember 2020 og endeleg rapport 11. januar 2021.

Konklusjon; det vart ikkje avdekt lovbrøt ved tilsynet.

#### Status smitte og testing i Aurland.

Aurland har i 2021 hatt lite gjennomgåande smitte i kommunen. Det var eit større smitteutbrot som starta veke 32, der det vart naudsynt å stenge barnehagen for å få oversikt over situasjonen.

I denne samanheng vart det naudsynt å hente inn personell frå ferie. Ein fekk relativt raskt oversikt over utbrotet og klarte å avgrense dette i omfang.

#### Økonomi.

##### Økonomisk Oversikt ekstrakostnad Covid-19

		Regnskap 2021
20097	COWID - 19 VAKSINERING	939 280,00
20098	TISK (i samband med korona)	608 277,00
20099	KORONA-UTGIFTER	2 681 605,00
	T O T A L T	4 229 162,00



## Folkevalde

100% stilling ordfører

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Ordfører
- Møte i folkevalde organ

Det er gjennomført politiske møter i tråd med møteplan. I tillegg vart det gjennomført ekstramøte i kommunestyret, formannskapet, plan- og eigedomsutvalet våren 2021.

### Mål/utviklingsområde 2021 :


- Folkevaldopplæring 4 og 5 februar vart avlyst
- Det vart gjennomført økonomiplanseminar på Fretheim hotell 24. september



### Økonomi/ressurs:

Opphavelg budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 2.928.000	Kr. 2.971.736	2.563.177	86 %

Alle kommunestyremøte vert streama direkte og deretter lagt ut i opptak. Bilete viser antall som fulgte direktesendinga.



# Rådmannsfunksjon

## Støtte og digitalisering

### Leiar

Beathe Ekhall Stentvedt

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Støtte og digitalisering har ansvar for drift og utvikling av fellestenester og støttetjenester til einingane:

- Sentralarkiv
- IKT
- Informasjon
- HR/Personal
- Politisk sekretariat
- Økonomi, løn og fakturering for Aurland og Lærdal kommune
- Sentralbord/resepsjon

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Rutinar og reglement innafor HR/personal, informasjonssikkerheit, personvern, økonomi, arkiv og IKT. Kvalitetssystem/internkontrollsystem, heimesida, Facebook-sida, bedriftshelsetenesta, skulefagleg rådgjeving.

Oppfølging av politiske vedtak

- Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland, DigiVestland. Samarbeidet er i gang.
- IKT-driftssamarbeid - val av ny retning og deltaking i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap
- Framlegg til endring av forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode, Aurland kommune, Vestland

### Resultatvurdering:

- Avdelinga har i 2021 hatt fokus på dagleg drift og overgang til nytt ikt-samarbeid. Arbeidet med overgangen var ein stor og omfattande jobb med tre fasar: vurdering av forskjellige alternativ, innstilling og val av retning og sjølve arbeidet med overgangen. Etter overgangen løfta kommunen seg umiddelbart på enkelte områder:
  - Sikkerheita har heva seg ved at vi har fått løysing for sikker utskrift.
  - Nyare og betre teknologi har gjort kvardagen generelt enklare med tanke på pc-bruk. Det gjeld på jobb og i stor grad ved heimekontor.
  - Heimekontor er gjort tilgjengeleg for fleire brukarar og system.
  - Datanettverket er blitt meir stabilt, har fått meir kraft og redundans.
  - Oppvekst og administrasjon vart samla i eit domene, noko som forenkla drift.
  - Auka sikkerheitsnivå på datasystem for vatn/avløp og låssystem.
  - Vi er kobla på stor og robust brukarstøtte som er enkle å få tak i og er svært dyktige og serviceinnstilte.
  - Det er fleire etablert fagnettverk på tvers av kommunane og som vi er blitt medlem i.

Ved å gå inn i dette ikt-samarbeidet kunne STØDIG omrokkere tilsett frå IKT til arkiv og dermed få styrka dette området.

Det å få tilsett HR/personalrådgjevar har gitt eit stort positivt løft for både avdelinga og organisasjonen. Det at vi har mangla politisk sekretær/informasjonsmedarbeidar nesten heile året har ført til at disse oppgåvene har vore utført på lavt nivå

## Økonomi/ressurs:

Opphavelag budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 23.853.700	Kr. 23.853.700	Kr. 26.858.615	113%

Årsak til økonomiske avviket skuldast at det ikkje er ført budsjettert inntekt frå fond som på om lag kr. 3.300.000,-.

### Medarbeidarar:

11,5 årsverk

### Skulefagleg ansvarleg

0,5 årsverk

Kommunen fekk kr. 144.000,- i tilskot til å ha sommarskule. 31 born frå 1.-4. trinn og 16 born frå 5.-7. trinn deltok på dette.

### Forvaltning og utvikling

Leiar: Norunn Haugen - 1.1.21 – 15.08.21

Ingunn Bårtvedt Skjerdal (fag), Beathe Ekhall Stentvedt (personal) - 16.08.21 – 31.12.21

### Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Handsaming av private reguleringsplanar
- Byggesakshandsaming
- Oppfølging av ulovlege byggesaker
- Næringsretta arbeid
- Kommunalt eigarskap
- Samfunnsutvikling
- Landbruk (eiga årsmelding for landbruk)

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Samfunns- og økonomiplanlegging
- Reguleringsplanar
- Koordinere kommunen sitt arbeid med vassforvaltning, klimatilpassing og næringsretta arbeid
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde

### Aktivitetar 2021

#### Vedtekne planar og plansaker:

- Samfunnsdelen til kommuneplanen – vedteke planprogram, høringsutkast under arbeid
- Områdeplan for Flåm - offentlig høyring, motsegn, venta på utgreiingar
- Reguleringsendring for Skinnarviki-Tjøresva (Helsetunet) - vedtak av plan

### Mål/utviklingsområde 2021 :

#### Viktige hendingar:

- Overgang til nytt ikt-samarbeid.
- Oppgradert sak/arkivsystemet til Websak+
- Oppgradering av heimesida. Dette ga kommunen ein litt meir moderne heimeside og ein meir oppdatert søkjefunksjon.
- Oppdatert delegeringsreglement
- Nye sakshandsamingsrutinar – i drift frå 1. april 2021
- E-dialog – gjer det mogleg å sende informasjon inn til kommunen via sikker kommunikasjon
- Søkt på og fått midlar til utbygging av breiband strekninga Thy-Skjerdal
- Gjennomført Stortingsval
- Gjennomført lokale forhandlingar
- Førebudd overgang til nytt tidregistreringssystem frå 1.1.22
- Førebudd ny skjemaløysing til heimesida frå 1.1.22
- Bedriftshelsetenesta har gjennomført arbeidsplassvurdering ved avdelinga.
- Dette året har også bære preg av korona og periodar med jobbing frå heimekontor. Inngått avtaler om heimekontor inntil 2 dagar i veka for dei som ynskjer det.
- Nytt personvernombud

- Detaljregulering for E16 Hylland – vedtak av plan
- Detaljregulering for oppstillingsplass langs E16 - oppstartsmøte
- Reguleringsendring ved forenkla prosess – Ty del 2 – vedtak av reguleringsendring
- Reguleringsendring ved forenkla prosess – Skule og idrettsområde Fetane bane og Aurland barnehage – vedtak av reguleringsendring
- Reguleringsendring ved forenkla prosess – Fretheimshaugane og Fretheimshaugane del 2 – vedtak av reguleringsendring
- Reguleringsendring ved forenkla prosess – Gudvangen sentrum – førehandsvarsla
- Økonomiplan
- Kartlegging av universell utforming og tilgjenge i Flåm og Aurlandsvangen sentrum
- Detaljregulering for Nærøyfjorden næringskai - vedtak av planprogram, konsekvensutgreiing under arbeid
- Detaljregulering for Gudvangen deponi – arbeid med konsekvensutgreiing
- Detaljreguleringsplan for Kannikteigen – vedtak om vidare handsaming
- Forvaltningsplan for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap
- Detaljreguleringsplan Bøen - Nærøydalen - vurdering av planinitiativ

#### Byggesak:

- Det er gjort 54 delegerede vedtak med heimel i plan og bygningslova i 2021. Dette omfattar løyve til tiltak, igangsetting, ferdigattest og klager på administrative vedtak.
- Samla gebyr som er fakturert er NOK 625 884.
- Mange rettingar i matrikkelen på bakgrunn av nytt faktureringsystem hjå SIMAS.
- Byggesak har teke tak i nokre ulovlegheitssaker og fylgjer disse opp. Sakane er krevjande, og byggesak har ikkje kapasitet til å ta tak i alle innmeldte saker.
- Kommunen er del av GEOMME, eit internasjonalt prosjekt leia av NGL. Det er møter kvar 3. veke. Byggesak bidreg med innsikt i korleis kommunen har beredskap i høve naturfare.

#### Kort resultatvurdering:

- Byggesak – kommunen har ikkje hatt ressursar til å følgje opp tilsynsplan i 2021. Det er ikkje avklart kven som skal utføre tilsyn, og rapportere til byggesak.
- Det har ikkje vore statleg tilsyn på dei områda som ligg til forvaltning og utvikling i 2020.
- Generelt har avdelinga hatt tre permisjonar og fått to nye tilsette, noko som har ført til redusert kapasitet og forseinkingar

#### Dispensasjonar frå arealføremål:

- Antall dispensasjonssaker frå arealføremål 2021 er 6.

#### Næring og konsesjonskraft:

- Tildeling av midlar frå kommunale kompensasjonsordning (covid-19 midlar)
- Tildeling av midlar frå konsesjonsavgiftsfondet
- Bedriftsrådgeving -avtale med Sognefjorden Næringshage
- Omsetning av konsesjonskraft i tråd med gjeldande strategi. I 2021 gjekk straumprisane opp på slutten av året slik at omsetning av konsesjonskraft i den frie marknaden gav høg avkastning.

#### Fråsegner:

- Regional plan for klima
- Konsesjonssøknad for oppgradering av transformator Aurland stasjon 1
- Miljø- Transport- og anleggsplan for 420 kV Sogndal - Aurland
- Høyering Masterplan for reisemålet Sogn

### **Inntekter (ikkje budsjetterte):**

Kommunale kompensasjonsmidlar- 5 tildelingar på totalsum av NOK 7 867 711,- i 2021. -Siste tildeling vart lyst ut januar 2022- på NOK 1 045 000,-

### **Medarbeidarar:**

Forvaltning og utvikling har 5 årsverk.

## Tenesteområda

### Pleie og omsorg

#### **Essi Mäki**

### **Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:**

Planlegging, vurdering og tildeling, og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova

**Institusjonstenester:** helsehjelp, behandling, rehabilitering, korttidsopphold, avlastning, og langtidsopphald i institusjon

- rehabilitering/ sjukeheimsavdeling: 16 plassar
- demensavdeling: 8 plassar

**Tenester i eigen heim/omsorgsbustad:** helsehjelp, ressursjukepleie i kreftomsorg, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringing, velferdsteknologi, dagtilbod for heimebuande personar med kognitiv svikt.

### **Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Samhandling med tenesteytinga med tenestemottakar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, treningskontakt, tannlege, spesialisthelseteneste og NAV

### **Mål/utviklingsområde 2021 :**

- Forsvarlege og forutsigbare tenester
- Sakshandsaming
- Oppdatering av stillingsforklaringar
- Oppdatering av prosedyrar og rutinar
- Kvardagsrehabilitering
- Velferdsteknologi
- Rekruttere, utvikle og behalde helsepersonell
- Leva heile livet
- Deltaking i gode pasientforløp

### **Viktige hendingar:**

- Samarbeid med alarmsentralen som er respons-, tryggleiks-, og kompetansesenter for Aurland kommune
  - avtale med leverandør av velferdsteknologiske løysingar Netnordic omsorg (NNO) 09.02.2021-08.02.2023 (forlenging 2 stk. forlengingar á 1 år)
  - installeringa av applikasjon i telefonane i heimebaserte tenester for mottak og behandling av velferdsteknologi

- opplæring i NNO administrasjon og grensesnitt 20.01.2021
- kick-off rammeavtale på velferdsteknologi 08.03.2021
  - førstegongsmøte mellom NNO og Aurland kommune 15.04.2021
  - andregongsmøte mellom NNO og Aurland kommune 20.05.2021
- Opplæring med NNO om velferdsteknologiske løysingar 24.08.2021
- Besøk Alrek visningsleiligheit for velferdsteknologi Bergen 09.12.2021
- Deltaking i nasjonalt læringsnettverk for heilheitlege, koordinerte og trygge pasientforløp (gode pasientforløp) (mars 2021-september 2022)
- kvardagsrehabilitering søkbar teneste frå 01.06.2021
- Samarbeid med Aurland barne,- og ungdomsskule – IKT opplæring for eldre
- Tilsetning av aktivitets-, og besøksvert i helsetunet 05.07.2021-31-12-2021 (mellombels stilling med midlar frå Statsforvaltaren)
- Tilsetning av aktivitetsvert i heimebaserte tenester 01.09.2021 -31.12.2021
- Møte med Aurland barne,- og ungdomsskule 09.11.2021 – informasjonsmøte til 9- og 10 klasse elevar – yrkesval og moglegheiter i pleie og omsorg
- Arbeid med fellesanbod på medisin, multidose og farmasøytisk tilsyn
- Farmasøytisk tilsyn og revisjon i helsetunet og heimebaserte tenester 11.11.2021
- Smittevernrevisjon i helsetunet med Helse Førde 24. og 25 november 2021
- Oppdatering av lokal forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad, særskilt tilrettelagt for heildøgntenester – kriterium og venteliste, vedtatt 16.12.21

#### Resultatvurdering:

#### Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenestanalyse, utviklingsmeldinga mm):

Omfattande pleiebehov på institusjon Aurland	Kortttidsopphald i institusjon Aurland	Tilsette i pleie og omsorg med fagutdanning i Aurland
71.43 % 69,57 (årsmelding 2020)	9.95 % 21.03 (årsmelding 2020)	73 % (Aurland) 97.5 % (Beste kommune i Noreg)

Kjelde: kommunebarometer

#### Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 36.296.000	Kr. 37.572.901	Kr. 36.930.297	98 %

#### Tilsette:

Pleie og omsorg	Faste årsverk	Mellombels tilsette	Lærlingar	Vakante stillingar
Institusjon	25,37	2,10		2,55
HSP (ink.dagsenteret, lærling)	18,83		1	
Kjøkken	2,88	0,30		
Administrasjon	5,30			
Sum	52,37	2,40	1	2,55

I tabellen er tilsette i mellombels stilling er inkludert i faste årsverk. I tillegg til dette har pleie og omsorg tilkallingsvikarar utan fast stillingsprosent.

I 2021 hadde pleie og omsorg store utfordringar knytt til rekruttering av sjukepleiarar. Det var fleire ledige stillingar både i heimebaserte tenester og i institusjonen. Dette resulterte i at det vart nytta vikarbyrå i veke 25-32. Det var utfordringar med sommarturnus og ferieavvikling, av den grunn ble det gitt tilbod om kr 750 ekstra betaling for tilsette for å dekke opp ledige vakter. I sommarperioden ble det i tillegg redusert tilbod om praktisk bistand.

Status innan utgang av 2021:

Institusjon manglar: 1 sjukepleiar, 1 vernepleiar, 1 helsefagarbeidar

Heimebaserte tenester manglar: 0



Bu og miljøtenester

Tenesteleiar Christine Warholm Naasen

**Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:**

- Eininga sine oppgåver vert bestemt av lover og forskrifter, nasjonale føringar og retningslinjer. Kjerneoppgåvene omhandler planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstenestelova. Tenesteytinga er i hovudsak tenestelevering i brukar sin heim, inkludert omsorgsbustad med heildøgnteneste. Eininga yter teneste som helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlastning, støttekontakt, og omsorgsstønad.
- Eininga skal arbeide førebyggjande, og yte eit tilpassa og heilskapleg tenestetilbod. Tenestetilbodet skal ivareta likeverd hjå den einskilde, og aktiv deltaking i eigen livssituasjon. Eininga har mål om å gje tenestemottakarane:
  1. Heilskapelege tenestetilbod

2. Føreseielege tenester
3. God kvalitet på tenester i samsvar med den einskilde sitt behov
4. Tenester som legg til rette for at den einskilde kan bestemme sjølv
5. Tenester som støtter den einskilde si deltaking i samfunnslivet

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

*Samhandling i tenesteytinga* med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

### Viktige hendingar:

- Gjennom 2021 har eininga jobba kontinuerleg med omstilling og tilpassing av drift i høve Covid-19 pandemi og overordna smittevernregler. Eininga fekk etablert gode system for dette i 2020, som og har vore viktig for drifta i 2021. Mellom anna er det etablert system for at tilsette skal ha eit kontinuerleg fokus på smittevern og revidering/oppdatering av kommunen sine rutinar. I tillegg skal alle tilsette gjennomføre regelmessig oppfriskningskurs i smittevernreglar. Alle tilsette og tenestemottakarar har fått tilbod om vaksine, både 2 og 3 doser i løpet av 2021. Eininga måtte tilpasse brukarbehov og tenester i tråd med nasjonale tilrådingar i høve smittevern. Eininga har fokusert på oppfølging og informasjon til pårørande, utarbeiding av smittevernplanar for kvar tenestemottakar, opplæring av nytt personale, rekruttering av nytt personale for å kunne vere rusta for ein potensiell smittesituasjon.
- Det har vore eit stort fokus på å få tatt i bruk ny velferdsteknologi, i samarbeid med Alarmsentral og NNO, som bistår kommunen med innføring av velferdsteknologiske løysingar. NNO har opplevd forseinkingar frå leverandørane på ny teknologi, og dette har påverka prosessen for å ta i bruk nye teknologiar i eininga.
- Eininga har opplevd ei auke i tenesta avlastning, og har helde fram med oppbygging av eit omsorgstiltak som vart etablert i 2020.
- Kommunen fekk tildelt tilskot til rusarbeid frå Statsforvaltaren, på til saman 550 000kr. Tilskotet er ei vidareføring av tilskotsordning kommunen fekk tildelt i 2020, og dekker lønskostnader for miljøterapeut ved Vårdraum i driftsåret 2021.
- Avdelingsleiarfunksjonen vart etablert 1.09.20, vedkomande starta i stillinga i september 2021.

### Mål og utviklingsområde 2021:

1. Tildele tenester etter helse- og omsorgstenestelov basert på søknad om teneste, evaluere tenester i tråd med vedtak og iverksette nye teneste.
2. Fokus på smittevern og handtering av pågåande pandemi.
3. Ta i bruk ny velferdsteknologi.
4. Tilpasse og omstille drift i samband med etablering av ny avdelingsleiarfunksjon.

### Resultatvurdering:

Aurland kom på 324. plass innanfor sektoren pleie og omsorg i kommunebarometeret for 2021. Sektoren har 19 nøkkeltal, som i hovudsak baserer seg på tenesteyting til eldre tenestemottakarar. Av 19 nøkkeltal, er 4 av tala relevante for bu- og miljøtenester. PO17 har ikkje rapporterte tal, det er dermed tre nøkkeltal som kan seie noko om bu og miljøtenestene i Aurland.



Type nøkkeltal kommunebarometeret	Rangering	Karakter	Nøkkeltal	Kommentar
PO01Andelen av tilsette (brukarretta årsverk) som har fagutdanning	292	2,28	73	Dette er ein av dei viktigaste faktorane, samanlikna med nærliggande kommunar som Voss, Lærdal, Vik, Hol, ligg Aurland nest lågast.
PO17Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i arbeid og studiar	-	-	-	Aurland har blanke felt i dette nøkkeltalet
PO18Andel som fullt ut får dekket opplevd behov for bistand til å delta i fritidsaktivitetar	310	2,11	39,29	I lag med Voss og Ulvik, har Aurland karakter på 2,00, Lærdal og Vik og Hol kommune har høgare andel, der 6.0 er høgast
PO19Mottakere av BPA, støttekontakt og omsorgslønn per 1.000 innbyggjarar	64	3,88	15,16	Her ligg Aurland på tredjeplass samanlikna med andre nærliggande kommunar.
Konklusjon: kommunebarometeret syner at Aurland har eit stykke å gå for å nå opp mtp tilsette med fagutdanning, samanlikna med nasjonale og lokale tal. Dette er ei viktig faktor. Når det gjeld BPA, støttekontakt og omsorgslønn kan det sjå ut til at Aurland har høgare andel mottakarar av desse tenestene per 1000 innbyggjarar, enn andre nærliggande kommunar.				

#### Resultat basert på eigne mål:

1. Eininga har etablert og drifter nye avlastnings- og omsorgstiltak i 2021, i tråd med nye vedtak, og/ eller evaluering av eksisterande tiltak i eininga.
2. Eininga har hatt eit kontinuerleg fokus på smittevern i høve pandemi, og vaksinerer blant dei tilsette og tenestemottakarane.
3. Eininga har fått avdelingsleiar som starta i stillinga hausten 2021, og har såleis fått ein dedikert ressurs som skal ha ansvar for driftsoppgåver, personal- og turnusansvar.

#### Økonomi/ressurs:

Opphøveleg budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 22.928.000	Kr. 23.433.240	Kr. 23.510.719	100 %

Eininga fekk mindre inntekter i form av refusjon for ressurskrevjande brukara då det er inntrekk for brukara som har diagnosen utviklingshemming. Dette utgjer 1,5 millionar for 2021. Kommunen vert tildelt dette gjennom rammetilskotet for 2021, og difor vert det inntrekk. Innslagspunktet for å få refusjon vart også auka i 2021, som utgjorde 250 000 kr, samanlikna med det som var budsjettet.

#### Tal årsverk inkl. vikarar og mellombels stillingar i bu- og miljø:

- **Administrasjon:** 1 årsverk tenesteleiar, 1 årsverk avdelingsleiar (nyoppretta frå 1.09.20)
- **Vetleli:** 9,2 årsverk i turnus, av desse er 1,2 årsverk tilsett i midlertidige stillingar, og 0,5 er vakant og vart dekkja av vikarar
- **Vårdraum:** 7,9 årsverk i turnus, av desse er 3,2 årsverk tilsett i midlertidige stillingar, og 0,1 er vakant og vert dekkja av vikarar
- **BPA-ordningar og tiltak:** 12,25 årsverk i turnus, 0,9 er vakant og vart ikkje dekkja inn i 2021

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator. Sorg og kriseteam.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge. Eininga har fleire deltakarar i innsatsteamet, inkludert ansvar for leiing og journalføring.

Eininga deltek i satsingane «Leve heile livet» med mellom anna kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

### Covid-19

- Vaksinasjonsprogram planlagd ut i frå 2 doser, vart auka til 3 doser.
- Testing kvar vekedag og oppfølging av prøvesvar.
- Smittesporing.
- Smitteutbrot i august, fleire tilsette måtte kallast heim frå ferie, og en god del overtid.
- Informasjon til innbyggjarar

Fleire tilsette har vore omdisponert til å arbeide med korona vaksiner. Det har vore ei utfordring at kommunen i lang tid ikkje viste meir enn ei veke fram, kor mykje vaksinar som skulle setjast.

Det merkantile arbeidet knytt til vaksininga har vore krevjande, utan nasjonalt datasystem utarbeidd for føremålet.

Ressursar som helsesjukepleiar, psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, sekretær, personell ved legekontoret har i heile 2021 brukt tid til vaksinering kvar veke.

Koronarelaterte tiltak / rutinar har ført til at til dømes fysioterapitenesta har måtte endre rutinar som har ført til færre brukarar og av den grunn auka ventetid for fysioterapi. Ergoterapitenesta har og grunna fått ventetid i 2021 fordi fleire har henvendt seg.

### Økonomi/ressurs:

Opphavelig budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 14.700 000	Kr. 16.469.033	Kr. 18.871.081	114 %

Det vart for 2021 budsjettert med innsparingstiltak på kr 500.000,- som ikkje har starta opp. Framlegga til tiltak vil no bli teke med i samband med omstillingsprosjektet.

Ut over dette er meirforbruket knytt til legekontoret og innleige av vikarlegar..

### Mål/utviklingsområde 2021 :

Året 2021 har ved Helse og Førebygging også vore prega av korona. Særleg vaksinasjonsprogrammet har krevd mykje tid og personell ved eininga.

Ungdata undersøking er gjennomført Legesituasjonen.

- Det har vore vakant legestilling ved kontoret igjennom heile året, og det er nytta vikarlegar igjennom vikarbyrå. Vikarlegar er særdeles kostbart.
- Ny kommunelege starta 1. mai.
- Legekontoret hadde ikkje LIS 1, turnuslege, halvåret frå mars til september. Dette skuldast kombinasjon av ikkje fast tilsett spesialist ved kontoret, samt få legar som skulle ha turnusteneste i kommune dette halvår. Det er fleire kommunar som ikkje fekk turnuslege.

Inntektsida har vore god. Medan brukarbetalingar ligg ca 15% under budsjett, er refusjon frå staten dobla i høve budsjett. Noko skuldast vikarar samt ny lege som har kunne nytte spesialisttakst, i tillegg til god refusjon for koronarelatert arbeid. Kostnadane ligg noko på smittevernutstyr og personalklede. Det er brukt kr 5 187 000 + reise og fri bustad på vikarlegar igjennom 2021.

#### **Medarbeidarar:**

15,5 årsverk fordelt på 18 tilsette i eininga. I tillegg kjem 20% kommuneoverlege og 20% kommunepsykolog via vertskommuneavtale som er tilsett i Sogn LMS.

I akuttmedisinforskrifta § 8, er det krav til at alt personell som arbeider saman med lege i vakt har gjennomført slikt kurs. Det vart hausten 2021 gjennomført kurs i regi av Sogn LMS for tilsette ved legevaktsentralen og i kommunane i tilknytning til Sogn LMS. Alle dei tilsette ved legekantoret har gjennomført akuttmedisinkurset.

Også 2021 har vore prega av korona og særleg vaksinerings. Fleire tilsette har fått opplæring og deltatt i vaksineringsa.

#### **Avvik:**

Grunna legesituasjonen har det vore fleire veker det ikkje har vore lege på helsestasjonen eller sjukeheimen. Dette fører til utfordringar for andre einingar som har samarbeid med legetenesta, samt endringar i timar for brukarar.

## NAV Aurland

### **Tenesteleiar: Einar Moen**

#### **Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:**

NAV Aurland har ansvar for budsjettområde 301. Her inngår økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, flyktingteneste, midlertidig bustad og gjeldsrådgeving. I tillegg har Nav-kantoret ansvar for startlån og tilskot. Kantoret har ansvar for utleigebustader til vanskelegstilte. NAV-kantoret har ansvar for dei statlege ordningane til NAV med oppfølging av brukarar innan sjukefråvær, arbeidsavklaringspengar og arbeidssøkjjarar m.m.

#### **Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):**

Leiar av Nav-kantoret er med i kommunen si leiargruppe, og møter leiargruppa innanfor helse og omsorg. NAV har fast samarbeidsmøte med psykisk helse og ruskonsulent på fagnivå, og samarbeider med skulen om opplæringstilbod til flyktingar. Tenesta har mykje kontakt med helsepersonell på fagnivå. Nav-kantoret har mykje kontakt med bedrifter i Aurland kommune. Dette er t.d. rekruttering, inkludering og språkpraksis for flyktingar.

#### **Resultatvurdering:**

Det er ingen målsette resultat-indikatorar på den kommunale delen av Nav. Det har vore mål for bruk av Kvalifiseringsprogram, noko som er budsjettert. Det er krav til arbeid eller aktivitetstilbod til søkjjarar av sosialhjelp som er under 30 år.

#### **Mål/utviklingsområde 2021 :**

- Oppfølging av brukarar, og auke overgang til arbeid eller utdanning
- Oppfølging av brukarar til økonomisk sjølvstende. Økonomisk støtte etter lova
- Syte for kvalifisering av flyktingar etter introduksjonslova

### Økonomi/ressurs:

Opphøveleg budsjett 2021	Endra budsjett 2021	Rekneskap 2021	%
Kr. 1.960.000	Kr. 1.744.047	Kr. 1.874.756	107 %

### Medarbeidarar:

Det har vore nytta 1,8 årsverk innanfor kommunal verksemd, og 1,8 på statleg del. I tillegg kjem leing med 50 % (25% kommunalt finansiert), og gjeldsrådgevar med 25 %. For statlege heimlar nyttast deler av kapasiteten ut over kommunegrensa ( nav region Sogn).

## Aurland og Lærdal barnevern

Tenesteleiar: Anja Brekke Moldvær

### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Føremålsparagrafen i Lov om barneverntjenester: «Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår»

Dette krev at kommunen har forsvarleg og god sakshandsaming, fyljer nøye opp dei tiltaka som vert sett i verk, og snakkar med alle barn som får tiltak frå oss.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- samarbeide med andre einingar på i enkeltsaker og systemsaker.
- aktivt deltakande i utviklingsprosjektet «På tvers»
- Deltek i Innsatsteam.
- Vil bidra i utarbeiding av plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar(Lovkrav frå 2022)

### Resultatvurdering:

Barnevernet sin tilstandsrapport inneheld eit utfordringsbilde der tenesta seier noko om kva som er handlingsrommet vårt for betring.

Som i dei seinaste åra er meldingar til tenesta låg. Basert på anna offentleg statistikk, kan dette føre til færre avdekkingar av mogleg hjelpebehov. For Aurland kommune er det og utfordrande med eit lite utbygd «tiltakskasse». Kommune skal gjere eit planmessig løft i samsvar med forventingane i oppvekstreforma, og arbeidet vil starte i 2022.

Barnevernet kjem på 122. plass på kommunebarometeret og utgjer 10% av den totale vekta i barometeret. Det er 13 nøkkeltal, og datagrunnlaget baserer seg utelukkande på SSB. Tenesta kjem greitt ut i samanlikning med andre. Det er ei lita teneste, og dette vil spele inn på statistikken.

### Mål/utviklingsområde 2021 :

Det har vore mykje fokus på barnevernreforma og korleis dette vil vere med å endre måten barnevernet jobbar på. Dette arbeidet held fram i 2022 fram mot ny lov i 2023.

Tenesta har lagt fram tilstandsrapport for kommunestyret. Dette er lovkrav frå og med 2021, og rapporteringa skal vere med på å gje den øvste leiinga i kommunen meir eigarskap til tenesta. Tenesta har deltatt aktivt i «På tvers», og ynskjer å jobbe vidare med tettare samhandling på tvers av oppvekstfeltet. Dette er i tråd med føringar i Oppvekstreforma og dei krava kommunen vil møte framover særleg på tiltaksområdet.

Tal meldingar Aurland/Lærdal	Offentleg meldar Aurland/Lærdal	Tal undersøkingar Aurland/Lærdal	Tal barn i tiltak Aurland/Lærdal
4/17	2/8	3/12	10/33



Frå 2020 vert også dei meldingane som kjem i aktive saker teke med. Det er årsaka til skilnaden mellom tal meldingar og tal undersøkingar. Alle meldingar til tenesta vil no komme fram på statistikk, også i dei tilfelle der barnevernet allereie er i kontakt med familien.

#### Økonomi/ressurs:

<b>Opphavelig budsjett 2021</b>	<b>Endra budsjett 2021</b>	<b>Rekneskap 2021</b>	<b>%</b>
Kr. 2.649.000	Kr. 2.326.733	Kr. 2.300.102	99 %

Barnevernet har fått justert ned sitt budsjett i 2021 for å bidra til inndekking av kommunen sitt totale meirforbruk. Tenesta leverer likevel på budsjett, og mindreforbruket handlar i stor grad om vakanse i stilling.

Svært låg tilmeldingsgrad forklarar og ein liten del av mindreforbruket. Det er brukt lite ressursar på reise, kurs og konferansar.

#### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Kulturarvteam
- Kulturarvplan
- Ungdomsrådet
- Den kulturelle Spaserstokken
- Den kulturelle skulesekken
- UKM

#### Medarbeidarar:

Tenesta har Fem årsverk. Det har vore noko vakanse på tiltaksarbeidar, men det er tilsett i stillinga frå og med 1.februar 2022.

Det har ikkje vore medarbeidarundersøking i 2021. Året har vore prega av mykje endringar i arbeidskvardagen som fylje av korona.

Ein tilsett på vidareutdanning i 20/21, utdanninga er ein del av Bufdir sitt kompetanseløft for barnevernet

## Kultur

### Tenesteleiar Monica Hille

#### Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

Kulturadministrasjon, Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Namnenemnd, Sti og løypeplanprosjektet, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, Kommunal Veterankontakt m.m.

#### Mål/utviklingsområde 2021 :

- Konsert for ABU og på Flåm for å prøve å rekruttere fleire kulturskuleelevar
- Frå skulestart hausten og fram til nyttår har me gjennomført så normal kulturskule som me har kunne

- **Nattevandring** – samarbeid med Aurland Røde kors vil forsetta som før. Styret for Nattevandringsprosjektet vart avvikla i april. Røde Kors Aurland har styrefunksjon. Samarbeid med Lærdal frivillig.
- **«På Tvers»** -gruppa (tverrfagleg) avslutta arbeid med tiltakskort i denne omgang. Fagdagar for alle involverte einingar i haust.
- **Aurland ungdomsråd** – god utvikling med jamlege møter
- Klubben har hatt 2 lærlingar i jan-april (20% stilling). Mål om å halde fram med det. Tilpasse opningstider med behova. Mange aktivitetar og aukande medlemmar. Leksehjelp er populært.
- Auke i lånarar, utlån og arrangement gjennom heile året på biblioteket.
- Prosjekt Sommarbibliotek i Sentrum – godt prosjekt med gode tilbakemeldingar. Prosjektet vart gjennomført med tilskot frå Nasjonalbiblioteket på kr 75 000,-. Me har sommaren 2021 dubla talet besøkjande til 623 på sommarbiblioteket samlikna med i fjor der talet besøkjande var 307.
- Arrangementa i regi av biblioteket, har hatt 96 besøkjande til saman.
- Sommarles - lesekampanje for barn frå juni-september. Lesekampanje for born i alder 1.-8.kl.
- Arbeidet med nytt bibliotek utlånsprogram har starta, ut på anbod i løpet av 2022. Me har hatt fleire konsertar og forfattarbesøk i samband med **Den kulturelle spaserstokken**
- Viktige arenaer for kulturutvikling: Kulturmidlar, krigsminnemarkering 8. mai, utstilling på Heradshuset saman med Sogelaget i samband med denne markeringa, Aurlandsmarsjen, utdeling av spelemidlar og deltaking i prosjektgruppa «På Tvers» - eit tverrfagleg samarbeid for barn og unge.
- Nynorske Litteraturdagar 2021 med temaet «Kriminelt godt» vart gjennomført på ein god måte, etter same lesten som åra før, men frammøte kunne vore betre.
- Utstillingar i gjestegalleriet av lokale kunstnarar, ein ny kunstnar kvar månad frå juni til desember. Dette har vore særskilt vellukka, og me har fått mange gode tilbakemeldingar frå bygdafolket.
- Kommunen har vore deltakande i arbeidet med Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap. Samarbeid med Vestland fylkeskommune og parken.
- Kontakt opp mot Fylkeskommunen, grunneigarar om det pågåande fredingsarbeidet av Otternestunet.
- 110 års Markering av Aurdalen kyrkjegard
- Arrangert Kulturminnedag for heile Flåm skule på Neset og kulturminnedag i Underdal.
Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 12. mai 2022  
KPMG AS

Harald Sylta  
*Statsautorisert revisor*  
(elektronisk signert)

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Harald Sylta

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1738956

IP: 80.232.xxx.xxx

2022-05-12 17:23:27 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 7/2022 Årsrekneskap og årsmelding Aurland Hamnevesen KF 2021

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 19.05.2022	<b>Saknr</b> 7/2022
-----------------------------------	-------------------------------	------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek uttale til årsrekneskapen 2021 for Aurland Hamnevesen KF slik den ligg føre. Uttalen vert oversendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

#### VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	19.05.2022	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet (utkast).
2	Februar 2022	Aurland Hamnevesen KF	Årsmelding 2021
3	April 2021	Aurland Hamnevesen KF	Årsrekneskap 2021
4	05.03.2022	KPMG	Revisjonsmelding

#### BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 1, § 3 skal kontrollutvalet sjå til at kommunen eller fylkeskommunen sitt årsrekneskap, og kommunale eller fylkeskommunale føretak sine årsrekneskap blir revidert på ein tryggande måte. Kontrollutvalet skal gje ein uttale til rekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret.

#### AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova  
Forskrift om kontrollutval  
Forskrift om revisjon

## SAKSUTGREIING

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrekneskapen, årsmeldinga frå Hamnevesenet for 2021 og revisjonsmeldinga for 2021.

Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2021 viser eit underskot på kr. 5 056 087 mot underskot på kr. 6 324 813 i 2020.

Det har vore ein auke i omsetning på kr. 1,2 mill frå 2020 til kr. 2,6 mill. Omsetjinga er langt under nivåa før korona.

Underskotet vert dekt ved brukt av tidlegare års overskot og fond for farledsavgift. Kontantbeholdninga er i perioden redusert frå kr. 20,5 mill. til kr. 11,3 mill. Eigenkapitalen er på kr. 37,3 mill. og eigenkapitalprosenten er på 91%.

Med bakgrunn i ovannemde er det laga framlegg til fråsegn frå kontrollutvalet til årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding for Aurland Hamnevesen KF. Utkast til fråsegn ligg ved saka.



## Kontrollutvalet i Aurland kommune

---

Kommunestyret i Aurland kommune

Aurland 19. mai 2022

### **Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2021 for Aurland Hamnevesen KF.**

Kontrollutvalet har i møte den 19. mai 2022 handsama Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2021.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga for 2021.

Aurland Hamnevesen KF sitt rekneskap for 2021 viser eit ordinært resultat på kr. -5 056 087 mot kr. -6 324 813 i 2020. Det blir overført kr. 401 502 frå fond for farledsavgift og totalt 4 654 585 blir overført frå anna eigenkapital. Kontrollutvalet har ingen merknadar til dette.

Ut over overnemnde, og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka og revisjonsmeldinga har kontrollutvalet ikkje merknadar til Aurland hamnevesen KF sitt rekneskap for 2021.

Aurland, 19. mai 2022

Frode Bekkestad  
Kontrollutvalsleiar



**AURLAND**  
HAMNEVESEN KF

24.01.2022

# Årsmelding 2021



## Innleiing frå hamnesjefen

Hamnevesenet har lagt bak seg eit krevjande år der årsmelding og rekneskap på alle område syner svikt i inntektsgrunnlag som følgje av Covid-19 situasjonen. Frå historisk gode aktivitetsnivå dei siste åra fall omsetninga med 92% i 2020, medan 2021 har vore marginalt betre – 85% lågare enn i 2019. Prisnivået har vorte auka i perioden med om lag 15%, så fallet i omsetning skuldast lågare aktivitetsnivå som følgje av restriksjonane som har prega dei to siste åra. Omsetningssvikta ligg utanfor vår kontroll, og er heller ikkje kompensert gjennom dei statlege kompensasjonsordningane.

Størst svikt i omsetninga har det vore innanfor vårt største forretningsområde, cruisesegmentet, med reduserte passasjertal på 98% frå 2019 – likevel betre enn 2020 der nedgangen var 99%. Det er teikn til betring, som følgje av at dei spesielle smittevernrestriksjonane for cruise vart lempa frå juli 2021, og i all hovudsak fallt bort oktober 2021. Lokal ferje- og rutetrafikk er også hardt råka med ein reduksjon i tal passasjerar på 92% jf. 2019. Samanlikna med 2020 er det også ein marginal nedgang på dette området. Smittevernrestriksjonane i januar-april innebar innstilling av all aktivitet. Også på dette området har aktiviteten teke seg opp noko utover hausten.

På kostnadssida har ein redusert dei aktivitetsavhengige driftskostnadane så godt som råd. I 2020 vart gjennomført ein samla kostnadsreduksjon jf. 2019 på 32% og i 2021 har ein halde dette kostnadsnivået. Utslagsgjevande på kostnadssida har vore ein reduksjon i tal sesongtilsette frå tjue til ein som følgje av manglande cruiseanløp. Hamnevesenet har òg kostnadar til drift av felles servicefunksjonar som toalett, park, parkering og søppelhandtering som i nokon grad har vorte redusert, medan administrative lønnskostnadar og bygg- og anleggsrelaterte kostnader er tilnærma upåverka av aktivitetsnivået.

Samla sett inneber dette ei marginal betring i driftsresultat frå -6.5 MNOK i 2020 til -5.1 MNOK i 2021. I 2019 var driftsresultatet 5.1 MNOK. Underskotet vert dekt ved bruk av tidlegare års overskot og fond for farvassavgift. I ein slik situasjon er det ein fordel at me har ein solid finansiell posisjon med låg lånegjeld i hamnekapitalen. Kontantbeholdninga er i 2021 redusert frå 20.4 MNOK til 11.3 MNOK.

I høve investeringar var det for 2021 lagt til grunn eit ekspansivt investeringsprogram på 13 MNOK. Som følgje av at pandemien vedvarte lenger enn venta utover året, vart det gjort omprioriteringar undervegs. Det er gjennomført investeringar for 5.4 MNOK.

I tillegg til det kontinuerlege arbeidet i høve gjenoppstart av aktiviteten har hamnevesenet i løpet av året vore involvert i fleire pågåande prosessar. I februar vart det gjort to stortingsvedtak i høve etablering av landstraum og framhald av cruise til Flåm. Utfallet av stortingsvedtaket er av avgjerande betydning for hamnevesenet sine framtidsutsikter og vert pt. fulgt opp saman med politisk leiing lokalt. Det som uansett verkar sikkert, er at det vert stilt strengare miljøkrav i framtida, og at ein står ovanfor store investeringar i infrastruktur til kaikanten for å imøtekomme framtidige krav. Dette vert naudsynt for å sikre den strategisk viktige aktiviteten på fjorden for lokalt næringsliv.

Så snart dei ytre rammevilkåra vert definert frå statleg hald vil hamna leggje fram løysingar for administrasjon, hamnestyre og kommunestyre.

Tor Mikkel Tokvam  
hamnesjef





## 1 Om verksemda

Aurland hamnevesen KF er eit kommunalt føretak eigd av Aurland kommune. Hamnevesenet drift hamneverksemd i Aurlands- og Nærøyfjorden. I høve vedtektene for føretaket vert hamnedrifta gjennomført i høve føresegnene i hamne- og farvasslova. Verksemda er organisert med eit politisk vald hamnestyre som rapporterer for verksemda til kommunestyret.

Aurland hamnevesen KF forvaltar dei kommunale hamneanlegga i Flåm, Aurland, Undredal, Styvi, Dyrdal, Bakka og Gudvangen. Hamna spelar ei nøkkelrolle som utviklingsaktør og tilretteleggjar for næringslivet. Verksemda er sterkt knytt til reiselivssektoren. I toppåra før covid-19 pandemien gjekk 800 000 passasjerar over kaikanten på våre kaianlegg. Djupvasskaia i Flåm står for den klart største delen av omsetninga som godkjend ISPS hamn for mottak av m.a. cruiseskip.

Internasjonalt har hamn og destinasjon sterkt fotfeste i marknaden, og ligg godt posisjonert blant topp 10 i verda som mest attraktive destinasjon blant kundane i cruisesegmentet. Konkurransfordelane er ein storslagen natur og eit rikt og omfattande aktivitetstilbod i lokalt næringsliv.

Verksemda er medlem av Norske hamner, del av Samfunnsbedriftene i KS.

## 2 Styring, leiing og organisering

I det daglege vert hamna leia av hamnesjefen. Hamnesjefen rapporterer til Hamnestyret, som er delegert mynde frå kommunestyret i Aurland kommune gjennom vedtektene for Aurland hamnevesen KF.

### 2.1 Hamnesjefen

Tor Mikkel Tokvam er hamnesjef i føretaket.

### 2.2 Hamnestyret

Hamnestyret består av fem styremedlem valgt av kommunestyret i Aurland kommune, inklusiv leiar og nestleiar. Styret i 2020-2023 består av:

- Ellingsen, Olav Johan	(SP)	Styreleiar	(vara: Sigurd Vikesland)
- Distad, Noralv	(H)	Nestleiar	(vara: Monica Finden)
- Holme, Marianne	(SP)	Medlem	(vara: Audhild Rogdo)
- Turlid, Therese	(AP)	Medlem	(vara: Marit Berge)
- Tufte, Frode	(SP)	Medlem	(vara: Geir Ove Kvam)

I 2021 vart det avhalde fem styremøte, der 19 saker vart lagt fram for hamnestyret.

### 2.3 Personal og arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2021 var det to tilsette i Aurland hamnevesen KF. Sesongbemanning kjem i tillegg. Sjukefråveret for 2021 vart 1.5%, derav 1.5% eigenmeldt sjukefråver (i 2020 – totalt 3.6%, derav eigenmeld 0.8%). Dette er vesentleg under nasjonale tal for kommunal sektor på 8.6% føregåande år. Hamnevesenet er ein liten organisasjon, slik at sjukefråveret er sårbart for eventuelle langvarige einskildfråver. Det har ikkje vore tilfelle av skadar eller ulykker i 2021.





## 2.4 Føremål og strategi

I vedtektene for Aurland hamnevesen KF er hamna sitt føremål definert på følgjande måte:

«Føremålet er å stå for planlegging, utbygging og drift av offentlege hamnefunksjonar i Aurland kommune sitt sjøområde, i tillegg til å utøva kommunal hamnemynde i medhald av hamne- og farvasslova.»

Vedtekne strategiske mål for verksemda er tredelt:

### 2.4.1 Forretning


- Sikre god forretningsdrift med sikte på å kome styrka ut etter corona-situasjonen.
- Arbeide for etablering av landstraum for cruise, samt naudsynt kaiutviding

### 2.4.2 Sikkerheit og kvalitet

- Sikre effektive arbeidsoperasjonar og trygg hamneinfrastruktur
- Tilrettelegge med gode fellesfunksjonar på offentlege område relatert til hamneverksemda

### 2.4.3 Miljø og samfunn



- Arbeide for avklaring av miljøkrav i verdsarvfjordane som vil gje lokal miljøeffekt, med premiss om økonomisk grunnlag for landstraum til cruise og vidareføring av den lokale verdiskapinga
- Vere ein pådrivar for miljøvenleg skipsfart. Hamnevesenet skal vere marknadsleiiande i høve prisdifferensiering i høve prinsippet «ureinar betalar».
- Stimulere til sesongutviding/heilårs aktivitet på fjorden.
- Vidareføre arbeidet med å leggje til rette for vekst og ei berekraftig utvikling i lokalsamfunnet relatert til verksemda
- Sikre gode fellesfunksjonar i tilknytning til vår verksemd.






### 3 År nr. 2 i pandemien – trafikkutvikling år for år



#### 3.1 Cruisestatistikk







## 3.2 Lokaltrafikk







#### 4 Prosjektoversikt investeringar

Følgjande prosjekt har vore pågåande i Aurland hamnevesen KF i 2021. Det er brukt totalt 5.4 MNOK til investeringar gjennom året.

##### 4.1 Kontorbygg Gudvangen

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.21	168 091
Påløpt i 2021	485 837
Forventa 2021-	0
<b>Totalkostnad</b>	<b>653 928</b>

Prosjektet gjeld overtaking av kontor i Gudvangen frå Aurland kommune i seksjonert del av Nordic Venture bygget. Dei første åra er planen å leige ut kontoret. Prosjektet er avslutta med 250k lågare totalkostnad enn budsjettert. Årsaka til dette er at kameraovervaking er ekskludert og utsett på ubestemt tid.

##### 4.2 Trekai Flåm

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.21	1 958 627
Påløpt i 2021	2 798 967
Forventa 2022-	2 000 000
<b>Forventa totalkostnad</b>	<b>6 757 594</b>

Trass namnet er kaia ein konstruksjon basert på bruk av brukte jernbaneskiner. Tilstandsrapportar for kaia synte utilstrekkeleg konstruksjonssikkerheit. Ved kartlegging for prosjektering vart det avdekket ytterlegare svakheit i konstruksjonen og hastekontrakt for sikring av konstruksjonen vart inngått våren 2020. Prosjektet vart samstundes skalert ned frå ei kostnadsramme på 20.2 MNOK i økonomiplan 2020 til 7 MNOK i økonomiplan 2021. For 2022 er kostnadsramma ytterlegare redusert som følgje av redusert uvisse. I tillegg til utbetring av konstruksjonssikkerheita, er el-teknisk anlegg oppgradert, og det er montert anodar for katodisk beskyttelse mot rust for framtida.

##### 4.3 Landstraum til cruise

Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.21	445 104
Påløpt i 2021	41 121
Forventa 2022-	83 513 775
<b>Forventa totalkostnad</b>	<b>84 000 000</b>

I 2020 vart det søkt ENOVA SF om etablering av landstraum til cruise i Flåm. Prosjektet vart godkjent, og det er innvilga ekstern finansiering på 27 MNOK til gjennomføringa. Prosjektet lyt sjåast i samanheng med kaiforlenging Flåm, der det er avsett 35 MNOK i økonomiplan. Ein stor del av prosjektet er straumframføring til Flåm frå Aurland, og påløpte kostnader i 2020/21 gjeld utgreiing av denne mogelegheita og innhenting av løyve frå Kystverket. Lønsemda i prosjektet er heilt avhengig av framtidig cruisetrafikk til Flåm, og framdrift i prosjektet vert difor sett opp mot avklaringar frå sentrale myndigheiter i høve nullutsleppskravet og regelverket for segling i verdsarvfjordane.

## 4.4 Parkanlegg Flåm


Periode	Rekneskapsførte / forventa kostnader
Påløpt før 01.01.21	0
Påløpt i 2021	2 112 087
Forventa 2022-	0
<b>Totalkostnad</b>	<b>2 112 087</b>

Det låge aktivitetsnivået i pandemien medførte eigna tilhøve for oppgradering av sentrumsparken i Flåm. 6500 m<sup>2</sup> med parkareal er tilført kompostjord frå Simas IKS, det er lagt ned automatisk vatningsanlegg i grunnen, og det er lagt ferdigplen. Gangveg til/frå cruiseterminalen er etablert, i tillegg til ferdselsveg gjennom parken. I tillegg er det installert anlegg for automatisk plenklypp.







## 5 Økonomiske nøkkeltal




Figur 1 – Omsetning, drift og resultat i årsrekneskapen.




Figur 2 – Eigenkapital og gjeld er postar i balansen. Soliditet er eigenkapital / totalkapital. Soliditeten angir kor stor del av eigedelane som er finansiert med eigenkapital.



Figur 3 – Resultatgrad er ordinært resultat / omsetning. Dette er eit mål på føretaket si evne til å hente margin på driftsinntektene.



Figur 4 – Total kapitalrentabilitet er avkastninga på total kapitalen (egenkapital og gjeld). Total kapitalrentabilitet er eit viktig nøkkeltal i høve lønsemd (avkastning på eigendelane).



Figur 5 – Figuren syner gjennomførte investeringar per år i føretaket.





Nøkkeltala syner ein alvorleg svikt i resultatata i 2020 og 2021 som følgje av koronasituasjonen. Det er venta at situasjonen til dels betrar seg i 2022, med eit budsjett som legg til grunn positiv kontantstraum frå drifta i 2022. Pandemien gjer det likevel krevjande å tidfeste tilbakeføringa til ein meir normal situasjon. Vidare reflekterer nøkkeltala evne til å stå gjennom krisa.



BDO AS (2020) har samla inn samanlikningsdata for andre kommunalt eigde hamner. Samanlikningsgrunnlaget går fram under. Merk at tala er for rekneskapsåret 2019, og at tala for Aurland hamnevesen sin del avvik vesentleg for 2021.

Tabell 1 – Oversikt over inntekter, resultat, resultatgrad, gjeld og gjeldsgrad for eit utval kommunale hamner i 2019

<b>Inntekter, resultater og gjeldsgrad i kommunale havneforetak 2019</b>					
<b>Havn</b>	<b>Drifts- inntekter</b>	<b>Resultat</b>	<b>Resultat- grad</b>	<b>Gjeld pr 2019</b>	<b>Gjeldsgrad</b>
Alta havn KF	10 258	560	5 %	26 473	258 %
Mandal havn KF	14 639	2 894	20 %	34 069	233 %
Lindesnøs havn KF	14 639	2 894	20 %	34 069	233 %
Sandnøs havn KF	15 569	6 377	41 %	10 236	66 %
<b>Aurland Hamnevesen KF</b>	<b>16 650</b>	<b>5 089</b>	<b>31 %</b>	<b>4 994</b>	<b>30 %</b>
Stranda Hamnevesen KF	37 394	9 540	25,5 %	63 392	170 %
Berlevåg havn KF *	19 239	-2 349	-12 %	99 462	517 %
Mo i Rana havn KF *	27 906	2 621	9 %	93 499	335 %
Molde og Romsdal Havn IKS	27 975	1 877	7 %	93 246	333 %
Kristiansund og Nordmøre havn IKS	29 875	2 135	7 %	155 404	520 %
Nordfjord havn IKS	30 963	9 537	31 %	160 143	517 %
Moss havn KF	33 462	697	2 %	96 134	287 %
Bodø havn KF	45 206	2 166	5 %	241 683	535 %
Hammerfest havn KF	45 925	1 872	4 %	444 270	967 %



Havn	Drifts- inntekter	Resultat	Resultat- grad	Gjeld pr 2019	Gjeldsgrad
Stavangerregionen havn IKS	50 366	15 681	31 %	217 865	433 %
Grenland havn IKS	57 850	2 013	3 %	178 777	309 %
Drammen havn IKS	70 747	18 699	26 %	73 798	104 %
Larvik havn KF	72 326	16 254	22 %	259 623	359 %
Ålesundregionen havn IKS	79 988	20 852	26 %	231 441	289 %
Borg Havn IKS	116 060	31 083	27 %	519 094	447 %
Kristiansand havn KF	120 166	44 899	37 %	518 412	431 %
Tromsø havn KF	123 603	18 036	15 %	898 318	727 %
Bergen havn	131 133	38 742	30 %	44 303	34 %
Karmsund havn IKS	139 159	38 728	28 %	689 505	495 %
Trondheim havn IKS *	152 436	42 728	28 %	86 553	57 %
Borg havn IKS *	164 016	79 514	48 %	488 201	298 %
Oslo havn KF	342 469	-3 851	-1 %	535 612	156 %





## 6 Styrets godkjenning av årsmelding for Aurland hamnevesen KF 2021

I samsvar med rekneskapslova sine krav er årsrekneskapan avlagt under føresetnad om framleis drift. Aurland hamnevesen KF har ein god finansiell posisjon. Årsrekneskapan gjev ein tilfredsstillande skildring av selskapet si utvikling per årsskiftet. Selskapet er ikkje utsett for ytterlegare finansiell risiko, derunder kreditt-, rente eller valutarisiko, som er av betydning for å dømme føretaket sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Likviditetssituasjon pr. 31.12.21 er vurdert som tilfredsstillande for framtidig drift og utvikling.

Aurland hamnevesen KF er 100% sjølvfinansiert. Årets negative kontantstraum frå drifta er 3.2 MNOK, og ein har investert for 5.4 MNOK. I tillegg er det nedbetalt lån for 1.0 MNOK. Dette inneber ein negativ kontantstraum på 9.6 MNOK i 2021.

Netto lånegjeld utgjer ved årsslutt 2.5 MNOK. Det vart ikkje teke opp lån i 2021.

Hamnestyret godkjenner med signering årsmeldinga for Aurland hamnevesen KF 2021.

Flåm, 28. februar 2021

Aurland hamnestyre



Olav J. Ellingsen  
Styreleiar



Noralv Distad  
Nestleiar



Marianne Holme  
Medlem



Therese Turlid  
Medlem



Frode Tufte  
Medlem



Tor Mikkjel Tokvam  
Hamnesjef

# Årsregnskap 2021

## AURLAND HAMNEVESEN KF

Resultatregnskap  
Balanse  
Revisors beretning



## RESULTATREKNESKAP

AURLAND HAMNEVESEN KF

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2021	2020
Salsinntekt	1	2 500 644	1 374 916
Anna driftsinntekt		65 000	20 655
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>2 565 644</b>	<b>1 395 571</b>
Lønskostnad	4	2 258 699	2 094 093
Kjøp varer og tenester		481 164	338 712
Avskrivning	5	1 889 009	1 644 825
Tap på krav	1	0	-70 454
Annan driftskostnad	4	3 007 701	3 838 928
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>7 636 573</b>	<b>7 846 104</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-5 070 929</b>	<b>-6 450 532</b>
<b>FINANSPOSTER</b>			
Renteinntekt		56 580	209 893
Rentekostnad		41 738	84 174
<b>Ordinært resultat</b>		<b>-5 056 087</b>	<b>-6 324 813</b>
<b>OVERFØRINGER:</b>			
Overført fond for farledsavgift	2, 8	-401 502	-1 148 726
Avstemming fond for farledsavgift 2020	8	0	-861 842
Avstemming anna egenkapital 2020	8	0	861 842
Overført frå anna egenkapital	2	-4 654 585	-5 176 088
<b>SUM OVERFØRINGER</b>		<b>-5 056 087</b>	<b>-6 324 813</b>

## BALANSE

### AURLAND HAMNEVESEN KF

EIGEDELAR	Note	2021	2020
<b>ANLEGGSMIDDEL</b>			
Fast eidegom og anlegg	5, 6	26 813 551	23 234 300
Driftslausøyre, inventar, verktoy, o.l.	5	297 000	384 000
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>27 110 551</b>	<b>23 618 300</b>
<b>OMLØPSMIDDEL</b>			
Varebeholdning	1	28 980	93 380
Andre kortsiktige krav	1	407 389	628 459
Aksjar	3	493 613	493 613
Anleggsbidrag ladestasjoner	1	1 441 144	1 741 144
Bankinnskott, kontantar og liknande		11 345 180	20 393 457
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>13 716 306</b>	<b>23 350 052</b>
<b>Sum eignedelar</b>		<b>40 826 857</b>	<b>46 968 352</b>

## BALANSE


### AURLAND HAMNEVESEN KF

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2021	2020
<b>EGENKAPITAL</b>			
Annan eigenkapital	2	39 131 546	43 786 130
Fond for færlingsavgift	2, 8	-1 780 139	-1 378 637
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>37 351 406</b>	<b>42 407 493</b>
<b>GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Lån til kredittinstitusjon	6	2 486 846	3 460 530
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>2 486 846</b>	<b>3 460 530</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		619 349	838 881
Skyldige offentlege avgifter		158 702	89 621
Anna kortsiktig gjeld		210 554	171 827
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>988 605</b>	<b>1 100 329</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>3 475 451</b>	<b>4 560 859</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>40 826 857</b>	<b>46 968 352</b>
Pant	6	2 486 846	3 460 530


Styret i AURLAND HAMNEVESEN KF


  
Olav Ellingsen  
styreleiar

  
Noralv Distad  
nestleiar

  
Marianne Holme  
styremedlem

  
Frode Tuffe  
styremedlem

  
Therese Turlid  
styremedlem

  
Tor Mikkel Tokvam  
dagleg leiar

# Noter til regnskapet for 2021

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 1 Regnskapsprinsipper

I årsrekneskapet er alle poster verdsatt og periodisert i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

### Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet som normalt vil være leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader vert teke med etter samanstillingsprinsippet, dvs. at kostnader vert teke med i same periode som tilhøyrande inntekter vert inntektsført.

Inntektene er samansett av farvassavgift og vederlag for hamna sine sal av varer og tenester. Farvassavgifta skal dekkja kommunen sine kostnader ved utøving av offentlig mynde, og i tillegg dekkja kosnader for å leggja til rette for sikker og god framkomst i kommunen sitt sjøområde.

Ny hamnelov frå 2010 gir , med unntak av farvassavgifta, hamnene rett til fri prissetting av sal av varer og teenster.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendeler og gjeld

Eigendeler til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendeler er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er analoge kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til askaffelseskost, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet.

### Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert avskrive over forventa levetid. Avskrivningane er som hovedregel fordelt liniært over antatt økonomisk levetid

### Varelager

Varelager er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er netto salsverdi på framtidig salstidspunkt

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er vurdert til pålydende etter avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. Forskottering av anleggsbidrag til ladestasjoner er ført som langsiktig fordring



# Noter til regnskapet for 2021

## Aurland Hamnevesen K/F

### Skatt

Selskapet er eit kommunalt føretak som ikkje er skattepliktig

### Offentleg støtte

Selskapet har i året ikkje motteke direkte driftstilskot frå kommune eller stat.

### Note 2 Avsetninger/Bruk av avsetninger

	Anna eigenkapital	Fond for anløpsavgift	SUM
Pr. 01.01.21	44 647 972	-2 240 479	42 407 493
Korrigerings 2020	-861 842	861 842	
Årets resultat	-4 654 585	-401 502	-5 056 087
Pr. 31.12.21	<u>39 131 545</u>	<u>-1 780 139</u>	<u>37 351 406</u>

For 2020 var det opprinneleg ført ei mindreinntekt på kr 1.148.726,- Resultatet er korrigert i samsvar med ny lokal forskrift om farvassavgift, jf. Vedlegg 3- Avgiftsgrunnlag Hamnevesenet har trekt ut kalkulatoriske avskrivningar og renteutgifter frå 1.1.2020

### Note 3 Aksjer i datterselskap og andre selskap

Namn på selskapet	Aksjekapital til selskapet	Antall	Pålydende	Bokført verdi	Eigarandel
Cruise Norway AS	309 000	10	1000	10 000	3,23 %
EPI AS	400 000	830	1000	483 613	8,30 %

### Note 4 Ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mv.

<i>Lønnskostnader består av følgende poster :</i>	2021	2020
Lønninger	1 846 914	1 548 548
Arbeidsgiveravgift	215 604	215 307
Andre lønnskostnader	196 181	330 238
Sum lønnskostnader	<u>2 258 699</u>	<u>2 094 093</u>
<i>Gjennomsnittlig antall ansatte:</i>	3	3
<i>Godtgjørelser:</i>	<b>Daglig leder</b>	<b>Styret</b>
Lønn	807 853	76 352

Kostnadsført revisjonshonorar for 2021 utgjør kr 38.545,-

# Noter til regnskapet for 2021

## Aurland Hamnevesen K/F

Note 5 Varige driftsmidler	Kontor	Kaier	Serviceanl	Drifts	Sum
	Gudvangen	Anlegg	Gudvangen	lausøyre	
Anskaffelsekost 010121	168 091	44 489 052	1 040 000	6 070 216	51 767 359
Tilgang	485 837	4 895 423	0	0	5 381 260
Avgang	0	0	0	0	0
Statstilskot	0	7 973 000	0		7 973 000
Anskaffelsekost 311221	653 928	41 411 475	1 040 000	6 070 216	49 175 619
Akk.avskrivninger 311221	53 928	19 338 941	988 000	1 684 199	22 065 068
Balanseført verdi 311221	600 000	22 072 534	52 000	4 386 017	27 110 551
Årets avskrivninger	53 928	1 518 081	52 000	265 000	1 889 009

Kaianlegget i Flåm avskrives liniært over 40 år med kr 692.594,- pr år.  
 Toalett Flåm avskrives liniært over 10 år - med kr 68.000,-  
 Parkanlegg i Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 71.087,- pr år  
 Bygg kai Flåm avskrives liniært over 20 år med kr 380.000,- pr år  
 Servicebygg Gudvangen avskrives over 10 år- første år kr 53.928,-  
 Kai Bakka avskrives liniært over 40 år med kr 12.900,- på år  
 Serviceanlegg Gudvangen avskrives liniært over 20 år med kr 52.000,- pr år  
 Driftslausøyre avskrives liniært over 5 - 10 år. Årets avskrivning 87.000,- pr år  
 Ankringsbøyer avskrives liniært over 30 år med kr 178.000,- pr år  
 Flytekai Vikji avskrives liniært over 10 år med kr 240.000.-  
 Flytebrygger Undredal/Gudvangen avskrives liniært over 10 år ned kr 53.500,-

Note 6 Pantstillelse	2021	2020
Av verksemda si samla gjeld er sikret ved pant	2 486 846	3 460 530
Balanseførde verdier av eigendelar stilt som sikkerheit for denne gjeld er:		
Serviceanlegg Gudvangen	52 000	104 000
Kaianlegg Flåm	17 644 351	18 695 192
Sum	<u>17 696 351</u>	<u>18 799 192</u>
Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsåret sin slutt	0	

# Noter til regnskapet for 2020

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 7 Resultatrekneskap etter kommunelova

	Rekneskap 21	Budsjett 2 020	Rekneskap 2 020
Salgsinntekter	2 565 644	7 300 000	1 395 571
Sum driftsinntekter	<u>2 565 644</u>	<u>7 300 000</u>	<u>1 395 571</u>
Lønn inkl sosiale utgifter	2 258 699	3 075 000	2 094 093
Kjøp av varer og tjenester	481 164	668 000	338 712
Avskrivninger	1 889 009	1 700 000	1 644 823
Tap på fordringer	0	0	-70 454
Andre driftskostnader	3 007 701	3 907 000	3 838 928
Sum driftskostnader	<u>7 636 573</u>	<u>9 350 000</u>	<u>7 846 102</u>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-5 070 929</b>	<b>-2 050 000</b>	<b>-6 450 531</b>
Finansposter etter kommunelova			
Renteinntekter	56 580	0	209 893
Renteutgifter	41 738	50 000	84 174
Avdrag på lån	973 684	1 000 000	973 684
Netto finanskostnader	<u>-958 842</u>	<u>-1 050 000</u>	<u>-847 965</u>
Motpost kalkulatoriske avskrivninger	1 889 009	1 700 000	1 644 823
<b>Oridnært resultat etter kommunelova</b>	<b><u>-4 140 762</u></b>	<b><u>-1 400 000</u></b>	<b><u>-5 653 673</u></b>
<b>Disponering av resultat</b>			
Bruk til finansiering i kapitalrekneskapet	0		0
Indekking av udekket tap	0	0	0
Overført frå fri eigenkapital	4 140 762	1 400 000	5 653 673
Overført til fri eigenkapital	<u>0</u>	<u>0</u>	<u>0</u>
Sum disponert	<u>4 140 762</u>	<u>1 400 000</u>	<u>5 653 673</u>
<b>INVESTERINGSREKNESKAP:</b>			
Investeringar:			
Nyinvesteringer		5 000 000	
Parkanlegg	2 112 087	0	0
Kontorbygg Gudvangen	485 837	1 000 000	89 364
Trekai Flåm	2 798 967	5 000 000	1 958 627
Prosjekt landstrøm	-15 631	2 000 000	445 104
Aksjer i EPI AS	0		483 612
Sum investeringer	<u>5 381 260</u>	<u>13 000 000</u>	<u>2 976 707</u>
Finansiering:			
Tilskot/ekstern finansiering	0	300 000	0
Bidrag frå årets driftsrekneskap	0	0	0
Nytt låneopptak	0	0	0
Bruk av fond	<u>5 381 260</u>	<u>12 700 000</u>	<u>2 976 707</u>
Sum finansiert	<u>5 381 260</u>	<u>13 000 000</u>	<u>2 976 707</u>



# Noter til regnskapet for 2021

## Aurland Hamnevesen K/F

### Note 8 . Etterrekning av farvassavgift

For 2020 var det opprinneleg ført ei mindreinntekt på kr 1.148.726,- Resultatet er korrigert i samsvar med ny lokal forskrift om farvassavgift, jf. Vedlegg 3- Avgiftsgrunnlag

Hamnevesenet har trekt ut kalkulatoriske avskrivningar og renteutgifter frå 1.1.2020

Inntekter Farvassavgift	Sats	2 020,00	2 021,00
Avg pl. Farvassavgift		42 400,00	30 610,00
Avg.fri farvassavgift		40 538,00	33 475,00
<b>Sum inntekter</b>		<b>82 938,00</b>	<b>64 085,00</b>
<b>Utgifter farvassavgift</b>			
Lønsutgifter faste stillingar	15 %	176 917,08	197 301,45
Ekstrahjelp og deltidstilsette	15 %	29 130,99	37 984,35
Klesgodtgjersle	15 %		675,00
Reiseutgifter	15 %	1 117,05	1 291,80
Inventar og utstyr	15 %	15 265,87	29 099,10
Alminnelege kontorutgifter	15 %	75,18	669,45
EDB-utstyr	15 %	3 247,53	4 927,50
Forsikring	15 %	2 160,45	4 185,45
Telefonutgifter	15 %	4 098,97	2 459,25
Breiband/datakommunikasj	15 %	9 947,04	6 407,25
Rekvisita	15 %	759,60	49,50
Ei-kraft bygg	15 %	21 450,00	21 532,05
Kontingent/fellesutgifter	10 %	4 916,10	1 888,10
Vedlikehald bygg	15 %	14 100,71	7 819,95
Rydding farled	100 %	41 325,00	82 000,00
Hamnebåt	15 %	2 260,14	20 046,90
Bil	15 %	756,30	1 332,30
Rekneskap	25 %	36 889,00	36 281,50
Revisjon	25 %	5 405,00	9 636,25
<b>Sum utgifter</b>		<b>369 822,01</b>	<b>465 587,15</b>
Resultat		-286 884,01	-401 502,15
		Akkumulert	
	Meir/mindreinntekt	meir/mindreinntekter	
2016	163 517,00	118 558,00	
2017	587 493,00	706 051,00	
2018	522 145,00	183 906,00	
2019	907 847,00	1 091 753,00	
2020	286 884,00	1 378 637,00	
2021	401 502,00	1 780 139,00	
<b>Balanse - sjølkostfond</b>		<b>1 780 139,00</b>	





**KPMG AS**  
Kanalveien 11  
Postboks 4 Kristianborg  
5822 Bergen

Telephone +47 45 40 40 63  
Fax +47 55 32 11 66  
Internet www.kpmg.no  
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Aurland kommune

## Melding frå uavhengig revisor

### Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

#### Konklusjon

Vi har revidert Aurland Hamnevesen KF sin årsrekneskap som visar eit underskot på kr 5 056 087. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar, føresegn i kommunelova med forskriftar, og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

#### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» og «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

## Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

---

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

## Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

---

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med kontrolluvallet og styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

## Konklusjon om årsmeldinga

---

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

## Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

---

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Aurland Hamnevesen KF si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

## Konklusjon

---

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

## Leiinga sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

---

Leiinga er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og iverksett rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal Leiinga forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

## Våre oppgåver og plikter

---

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Kontroll av vesentlege budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret eller fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Bergen, 5. mars 2022  
KPMG AS

Harald Sylta  
Statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Harald Sylta

Statsautorisert revisor

På vegne av: KPMG AS

Serienummer: 9578-5993-4-1738956

IP: 88.88.xxx.xxx

2022-03-05 10:12:37 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>